

## **Bærekraft for norsk jordbruksproduksjon.**

Målkonflikter når ei bærekraftig utvikling skal staves ut.

*Anne Kjersti Bakken, NIBIO*

Bærekraft i jordbruket er forstått som evna det har til å vare ved og levere på dei måla som er sett for det. Å setje mål og vekte dei mot kvarandre, er politikken si oppgåve. Ein kan derfor seie at vitskapen har ei avgrensa rolle når bærekraft skal utviklast. Vidare må ein innsjå at bærekraft ikkje kan målast, til dømes med å bruke indikatorar som skildrar nostatus for delement.

Mjølkeproduksjonen er ein berebjelke i det norske jordbruket både ut frå kor stor del av protein- og energiinntaket til nordmenn som han dekker, kor stor del av innanlandsk fôrproduksjon han omset til mat, samt del av total verdiskaping. Kva som skjer vidare med denne produksjonen er viktig for heile sektoren si evne til å vare ved og til å nå måla som er sett for han.